

# SUNNFJORD OUTDOOR 2010

Laurdag 7. august

Topptur til Storehesten (1209 moh)



Turen går frå "Bautaen", ca 400 m.o.h. på Stølshaugane. På turen passerar ein m.a. Kårstadstølen, Skaret, Seltuftevatnet, Vardehaugane og Ura – alle med eiga historie eller særtrekk. Pausar undervegs og kanskje det kan freiste å slukke tørsten med klart, friskt fjellvatn? På toppen vert ein lønna med spektakulært utsyn mot aust til Jostedalsbreen, mot nord til Ålfotbreen, mot vest ut i havet og mot sør-fjella rundt Bergen. Velkomen til ein fantastisk topptur på eit fantastisk fjell!

- Fakta:** Krevjande tur på sti. Avstand frå parkering er om lag 6 km med 800 meter stigning.  
**Oppmøte:** Oppmøte ved Tønna i Bygstad sentrum, seinast 15 min før program startar. De køyrer samla til startpunkt og parkering  
**Tid:** Kl. 09:00- 15:00  
**Varigheit:** 6-7 timar tur/retur inkl. pause med normal gange.  
**Pris:** Kr. 460,- vaksen/ kr. 230,- born. Betaling direkte til guide.  
**Påmelding:** innan kl. 15:00 dagen før til Nina Hjelmeland, tlf. 41 53 06 61/ 57 71 71 47, [nina.hjelmeland@sfj.no](mailto:nina.hjelmeland@sfj.no)

## Praktisk informasjon:

Hugs å ta på gode sko, kle etter vêrtilhøve, drikkeflaske/kopp og niste. Turen passar best for born frå 10 år og oppover. Barn må gå i følgje med vaksen. Arrangør behald retten til å avlyse arrangementet ved for få påmelde eller ved ekstreme vêrtilhøve.

## Fast avgang forutsatt minimum 6 personar. Maks 15 personar per tur.

Som avslutning på turen, nyt eit smakfullt måltid basert på lokale delikatesser på ein av gardane eller på den gamle Tønnefabrikken (Tønna) ved fjorden\*.

\*Måltid på Tønna kjem utanom oppgitte pris.



Meir info, ring 57 72 19 51  
[www.sunnfjord.no](http://www.sunnfjord.no)

reisemål  
**Sunnfjord**  
Fosseheimen - mellom bre og fjord